

# Hordaland sogelag

## ÅRSMELDING 2020

Årsmøte og lokalhistoriske dagar vart haldne i nye Øygarden kommune 7.-8. mars 2020 med Fjell kulturminnelag, Sund sogelag og Øygarden sogelag som tilskiparar. Laurdag 7. mars var det framsmøte på Fjell festning. Der vart dei lokalhistoriske dagane opna ved ordføraren i Øygarden, lokallagsleiaren i Fjell og leiaren i Hordaland sogelag. Etter at dagane var opna, og servering av lunsj, var det omvising på Fjell festning. Deretter var det omvising på samlinga på Toftarøy skule og Trellevikmuseet. Årsmøtemiddagen var på Panorama Hotell & Resort. Lokale musikarar underheldt. Etter frukost på hotellet søndag 8. mars tok bussen oss til Kystmuseet på Ona. Der vart årsmøtet halde. Etter eit måltid var det omvising på Kystmuseet og i Gamle Hjelme kyrkje. På notloftet på Vindenes vart det servert lunsj.

### MEDLEMSLAGA I HORDALAND SOGELAG

Det er 34 medlemslag i Hordaland sogelag:

1. Arna sogelag
2. Askøy museumslag
3. Askøy kulturvern- og historielag
4. Austevoll historielag
5. Austrheim kyst- og sogelag
6. Bømlo tur- og sogelag
7. Bergens lokalhistoriske foreining
8. Etne sogelag
9. Fana sogelag
10. Fjell kulturminnelag
11. Granvin sogelag
12. Hardanger historielag
13. Hjeltestad og Milde historielag
14. Kvam søge- og kulturminnelag
15. Kvinnherad sogelag
16. Laksevåg kulturhistoriske foreining
17. Lindås sogelag
18. Meland sogelag
19. Memoar
20. Moster sogelag
21. Nord- og Midthordland sogelag
22. Os sogelag
23. Osterøy sogelag
24. Radøy sogelag
25. Samnanger sogelag
26. Slekt og data Hordaland
27. Stord sogelag
28. Sund sogelag
29. Tysnes sogelag
30. Vaksdal historielag
31. Vassvøri sogelag
32. Voss sogelag
33. Vossestrand sogelag
34. Øygarden sogelag

### Styre og andre tillitsvalde

Leiar i valnemnda, Aslaug Olden Mala, la fram valnemnda si innstilling.

Leiar:	Knut Farestveit	vald for 2020, til årsmøtet 2021
Styremedlem:	Anne Liv Soldal	vald for 2020-2021, til årsmøtet 2022
Styremedlem:	Ågot Gammersvik	vald for 2020-2021, til årsmøtet 2022
Styremedlem:	Mikal Heldal	ikkje på val, vald for 2020, til årsmøtet 2021
Styremedlem:	John Einarsen	ikkje på val, vald for 2020, til årsmøtet 2021
Varamedlem 1:	Sigmund Simmenes	vald for 2020, til årsmøtet 2021
Varamedlem 2:	Kjell Inge Alvheim	vald for 2020, til årsmøtet 2021
Revisor:	Harald Lindevik	vald for 2020-2021, til årsmøtet 2022
Revisor:	Einride Aakra	vald for 2020, til årsmøtet 2021
Valnemnd:	Kari Fedt Haugsbakk	vald til 2021

**Torbjørn Dall-Larsen vald til 2022**

**Aslaug Olden Mala vald til 2023**

**Bernt Emil Vika og Leif Helleland hadde sagt frå seg attval som styremedlemer.**

**Kaare Malkenes er nettansvarleg. Han tek seg og av e-posten som skal ut til laga.**

**Då styret konstituerte seg, vart Mikal Heldal vald til nestleiar, John Einarsen kasserar, Ågot Gammersvik skrivar og Anne Liv Soldal styremedlem.**

**Knut Farestveit er medlem i valnemnda i Landslaget for lokalhistorie.**

**Då pandemien Covid-19 kom i mars 2020, vart det umogeleg å gjennomføra dei planlagde aktivitetane i Hordaland sogelag. Restriksjonane kom berre nokre dagar etter at årsmøtet og dei lokalhistoriske dagane var haldne i Øygarden kommune. Det kunne ikkje haldast kurs eller studietur i 2020. Årsmøte og lokalhistoriske dagar som skulle haldast på Stord i mars 2021, vart utsette på ubestemt tid.**

**Styret hadde to styremøte i 2020.**

**Styret i Hordaland sogelag**

<b>Knut Farestveit</b>	<b>Mikal Heldal</b>	<b>John Einarsen</b>	<b>Ågot Gammersvik</b>	<b>Anne Liv Soldal</b>
<b>Sigmund Simmenes (varamedlem)</b>		<b>Kjell Inge Alvheim (varamedlem)</b>		